



# DEN NORSKE KYRKJA

## I ULLENVANG

## MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

<b>Møtedato:</b> 23.08.2021	
Sak nr. 27/21 , 28/21,29/21, 30/21, 31/21, 32/21	<b>Møtestad:</b> Jondal Kyrkje, kyrkjerommet
<b>Underskrifter:</b> Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Anne Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S.Stærnes	Medlem Marit Hesvik
Geistleg representant Arne Opsahl Engen	1.Vara Maria Eide
<b>Forfall til møtet:</b> Maria Eide	

Møtebok sendt på mail til soknerådsmedlemar, 1.varamedlem, tilsette i soknet,  
[post@ullenvang.kyrkjer.no](mailto:post@ullenvang.kyrkjer.no) og [tone.nesheim@ullenvang.kyrkjer.no](mailto:tone.nesheim@ullenvang.kyrkjer.no)  
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja og prosten i Hardanger og Voss prosti.

### Orientering:

- Konfirmantfesten etter kyrkjespelet 26/8 dette året erstatta med fellessamling for alle konfirmantane i Ullensvang. Samlinga var i Odda 20. august. « Kjendispresten Tor» frå TV programmet Farmen var med på samlinga.  
Konfirmantar og føresette er informert om at det i år ikkje blir konfirmantfest etter kyrkjespelet.  
Konfirmantane får ei helsing frå soknerådet på kyrkjespelet. Anne Karin har bestilt roser.
- Kort om korona/smittevern status pr. no ved Åse Marit  
Det er no høve å vere 100 personar på gudsteneste eller andre samlingar i kyrkja, med 1 m avstand. Det blir framleis ført liste over dei kjem til kyrkje.  
På konfirmasjonsgudstenesta er det påmelding, oppdaterte lister er laga på førehand. Der er 13 konfirmantar. Kvar konfirmant kan ha 10 gjester og disponerer 2 benker. Det er ikkje høve for andre å vere på gudstenesta den dagen.  
Anne Karin har ansvar for Kyrkjespelet. Det må førast lister. Anne tek kontakt med Anne Karin om korleis det er tenkt å organisere det.

- Nøkkelsaks er kjøpt. Diskutere med stab kor det er best å plassere den. Ansvar Anne.
- Nytt frå siste Fellesrådsmøte v/ Cecilie  
Siste Fellesrådsmøte var 30 juni.  
Det var først eit administrasjonsutvalsmøte der tillitsvalte kan vere med. Det vart diskutert klokkenestenesta, korleis den kan organiserast. Klokkenestenesta i Ullensvang tas opp som sak til hausten.  
Det kom innspel til budsjettarbeidet og det vart etterspurt kva som er tenkt med trusopplæringsstillinga som er ledig.  
Fellesrådsmøte.  
Møtebok frå soknerådsmøta skal sendes på mail til [post@ullensvang.kyrkjer.no](mailto:post@ullensvang.kyrkjer.no).  
Soknerådsleiar og fellesrådsleiar får ein fast sum pr.år i møtegodtgjersle. Det blir reduksjon i soknerådsleiar sin godtgjersle. Ingen endring for fellesrådsleiar

**Meldingar:**

- Kyrkjeverje Tørres Mæland er framleis sjukmeldt. Det er uklart når han er tilbake på jobb
- Ass. Kyrkjeverje Gerd Rosten Bu er tilbake frå ferie i veke 34, men kan kontaktast om nødvendig

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

**Saker:**

**27/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**28/21 Godkjenning av protokoll frå møtet den 27.05.21**

**29/21 Bestemme dato for Soknemøte for 2020/21 / fordele oppgåver**

**30/21 Bruk av Bedriftsbankkort/postkasse/postboks**

**31/21 Korleis løyse klokkenester haust 2021?**

**32/21 Eventuelt**

<b>Sak 27/21 Godkjenning av innkalling</b>
--

**Vedtak:**

Innkalling til møtet den 23.08.21 vart samrøystes godkjent med endring av møtedato

<b>Sak 28/21 Godkjenning av protokoll</b>
---

**Vedtak:**

Protokoll/ møtebok frå møtet den 27.05.21 vart samrøystes godkjent.

**Sak 29/21 Bestemme dato for soknemøte for 2020 fordele oppgåver.****Kort utgreiing om saka:**

Det har ikkje vore holde soknemøte/årsmøte for Jondal Sokn i 2020 grunna korona.

Forslag til dato for Soknemøte 11/10 2021, etter Gudstenesta (eller november).

**Forslag til gjennomføring:**

Cecilie og Anne skriv rapport frå 2020.

Ingebjørg kort om økonomi og Karin skrive inn i mal til eit dokument.

Kantor har skreve eigen for sitt arbeidsområde.

Orientering om soknemøte på heimesida ei veke i forkant av gudstenesta

Om det kjem nye korona tiltak som gjer at vi ikkje kan ha soknemøte i kyrkja er spørsmålet om det går an å leggje det ut og svare digitalt på det som kan komme av spørsmål og kommentarar?

11. oktober høver ikkje. Forslag om ny dato 7/11 etter gudstenesta med kyrkjekaffi. Dei som ikkje har oppgåver i samband med soknemøtet tek ansvar for kyrkjekaffien.

**Forslag til vedtak**

Dato for soknemøte 7. november etter gudstenesta, med kyrkjekaffi.

Cecilie og Anne lagar ein årsrapport for 2020.

**Vedtak:**

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt.

**Sak 30/21 Bruk av Bedriftsbankkort/postkasse/postboks****Kort utgreiing om saka:****Bankkort:**

Vi har fått eit bedriftsbank kort, som leiar står ansvarleg for.

Det er kasserar som treng det mest og har fått det no. Vi kan eventuelt få fleire kort om vi treng det, men tenkjer at det i utgangspunktet ikkje er nødvendig.

Kven skal ha? Korleis skal vi organisere det?

Soknerådet meiner det er nok med eit bankkort og det er praktisk at kortet er hos kasserar. Anne er ansvarleg for kortet og Ingebjørg disponerer det. På Coop Jondal treng ein ikkje bankkort når ein handlar. Soknerådet har kort som ligg der.

**Postboks/postkasse.**

Posten vil ikkje levere post i postkassa på kyrkjekontoret fordi det ikkje alltid er framkomeleg på vinteren pga. mangel på brøyting.

Posten blir no levert på «Blåhuset» og kantor har stort sett henta posten der i kontortida og lagt det på Soknehuset. Fort å gløyme å hente , har hopa seg opp.  
Kantor oppretta rett før ferien ein postboks for Solstråla som soknerådet og stab kan få bruke mot å omadressere all post og vere med å betale.  
Skal soknerådet være med på det eller kan posten levere til kyrkja om postkassen blir flytta til øvre kyrkjepost og hengd på innsida?  
Kva går vi for?  
Det er svært lite viktig post som kjem til soknerådet. Det meste blir sendt elektronisk.  
Soknerådet ser det ikkje som nødvendig å ha postboks. Fortsette med postadresse «Blåhuset». Anne tek ansvar for henting av post.

**Forslag til Vedtak:**

Bankkort. Soknerådet har eit bankkort. Kasserar disponerer kortet.  
Postkasse/postboks. Soknerådet har ikkje behov for postkasse/postboks. Postadresse til Soknerådet er «Blåhuset». Soknerådsleiar har ansvar for at posten blir henta.

**Vedtak:**

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt.

Sak 31/21 Korleis løyse Klokkartenester haust 21?

**Kort utgreiing om saka:**

Klokkar har permisjon ut 2021. Dei andre sokna har frivillige laug for å utføre klokkarteneste. Det er lønnsmidlar i budsjett for denne stillinga i permisjonstida. Arjen Stolk har vikariat ut sommaren. Staben og Jondal sokneråd ynskjer at stillinga blir oppretthalde ut 2021.

Om klokkar ikkje kjem tilbake etter permisjonen må ein finne ei løysing som er tenleg. Klokkarstilling i Ullensvang blir sak på Fellesrådsmøte 7/9. Cecilie tek med seg Jondal sitt ynskje om å få behalde klokkarstillinga, kvifor det er viktig for Jondal sokn.

**Forslag til vedtak:**

Jondal Sokneråd og staben er samde om at vi ynskjer ein vikar i stillinga ut året. Om noverande vikar har ønskje om å fortsette er det gunstig. Cecilie orienterer om Jondal sitt ynskje og behov på neste Fellesrådsmøte 7/9.

**Vedtak:**

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt.

Sak 32/21 Eventuelt

**32/21-1.Konfirmantar 2021/22- kva kan soknerådet bidra med? v/Anne**

I 2021/22 blir det eit felles opplegg for alle konfirmantane i Ullensvang. Det blir også fellessamlingar. Arne O. Engen vil presentere konfirmantplanen på neste soknerådsmøte. Han tek kontakt med soknerådet viss det er noko vi kan bidra med.

**32/21-2.Juleverksted med Solstråla, som tiltak i fylge diakoniplan. Når? Kor?  
Kven tek ansvar?**

Soknerådet ser det som viktig å støtte opp om aktivitetar som alt er i kyrkja. Vi ynskjer å støtte Anne Karin sitt arbeid og gjere noko kjekt saman med barnekoret Solstråla. Samlinga i juni med mat og aktivitet var eit positivt tiltak. Soknerådet vil lage til juleverkstad i november, i god tid før jul. Anne og Åse Marit tek kontakt med Anne Karin for å finne eit tidspunkt som høver.

**32/21-3.Sjekke ut om kyrkjevertliste/ offerliste er ok for resten av 2021.**

Det er laga offerliste og kyrkjevertliste fram til september. Marit lagar ny kyrkjevertliste, Ingebjørg og Karin tek ansvar for å lage offerliste resten av 2021.

**Forslag til vedtak:**

Jondal sokneråd lagar til Juleverkstad for Solståla. Anne og Åse Marit tek kontakt med Anne Karin for å finne eit tidspunkt som passer.  
Marit lager kyrkjevertliste, Ingebjørg og Karin lagar offerliste for resten av 2021.

**Vedtak:**

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt